

Fortidsminneforeningen

# ► Detaljreguleringsplan for besøkssenter for Urnes stavkyrkje

Planomtale

Oppdragsnr.: 5199189 Dokumentnr.: 01 Versjon: J03 Dato: 2021-01-21



**Oppdragsgjevar:** Fortidsminneforeningen  
**Oppdragsgjevares kontaktperson:** Ola Harald Fjeldheim  
**Rådgjevar** Arkitektkontoret 4B As og Norconsult AS  
**Oppdragsleiar:** Heidi Kathrin Osland (4B) og Cornelis Erstad (Norconsult)  
**Fagansvarleg:** Cornelis Erstad  
**Andre nøkkelpersonar:** Ola Forren Sørensen, Tone K. Myklebust Kvåle og Ann Sissel Heilevang

J03	2020-12-21	For bruk	AnSHe	CorErs	AnSHe
A01	2020-11-24	For intern bruk	AnSHe		
Versjon	Dato	Omtale	Utarbeidd	Fagkontrollert	Godkjent

Dette dokumentet er utarbeidd av Norconsult AS som del av det oppdraget som dokumentet omhandlar. Opphavsretten tilhøyrar Norconsult AS. Dokumentet må berre nyttast til det formål som går fram i oppdragsavtalen, og må ikkje kopierast eller gjerast tilgjengeleg på annan måte eller i større utstrekning enn formålet tilseier.

## ► Samandrag

Arkitektkontoret 4B AS og Norconsult AS er engasjert av Fortidsminneforeningen ved generalsekretær Ola Fjeldheim for å gjennomføre ein detaljreguleringsplanprosess for å byggje verdsarvsenter knytt til Ornes stavkyrkje på Ornes i Luster kommune.

Tiltaka det vert lagt til rette for i detaljreguleringsplanen er ikkje i samsvar med overordna plan, men på bakgrunn av planinitiativet og oppstartsmøte med Luster kommune er det vurdert at planarbeidet ikkje vil få vesentlege verknadar for miljø- og samfunn og slik ikkje vert fanga opp av forskrift om konsekvensutgreiingar §§ 6 eller 8. I planomtalen er det gjort konkrete vurderingar knytt til konsekvensar for landbruk, trafikale forhold og landskapstilpassing i forhold til kulturlandskapet og kyrkja.

Konsept for verdsarvsenteret er utarbeida av arkitektkontoret 4B. Samla bruksareal i prosjektet er på tilnærma 1 400 m<sup>2</sup>. Planframlegget er på 13 daa, der 3 daa er regulert til byggjeføremål og 5,7 daa er regulert til samferdsleanlegg. Resterande areal er regulert til landbruksføremål.



Figur 1 Innseglinga til ferjekaia på Ornes. Stavkyrkja kan skimtast i klyngetunet øvst til høgre. Lokalisering av verdsarvsenteret vil, plassert på ei rett linje, ligge midt i mellom ferjekaia og stavkyrkja.

## Innhold

<b>1</b>	<b>Innleiing</b>	<b>5</b>
1.1	Planområdet og dagens situasjon	5
1.2	Målsetjing	5
<b>2</b>	<b>Planframlegget</b>	<b>6</b>
2.1	Bygningar og anlegg	6
2.2	Tilkomst og vegsystem	6
2.3	Arealbruk	8
<b>3</b>	<b>Planprosess og vurdering av alternativ</b>	<b>9</b>
3.1	Planprosess	9
3.2	Fire tomtealternativ	10
<b>4</b>	<b>Planstatus og rammer for planarbeidet</b>	<b>15</b>
4.1	Nasjonale forventningar og regionale føringar	15
4.2	Regionale føringar	15
4.3	Lokale føringar	16
<b>5</b>	<b>Verknader av planframlegget</b>	<b>18</b>
5.1	Landskap og estetikk	18
5.2	Verdsarv/OUV	18
5.3	Kulturminne/fornminne	19
5.4	Grunntilhøve	20
5.5	Naturmangfald	20
5.6	Naturressursar	21
5.7	Nærmiljø og friluftsliv	21
5.8	Teknisk infrastruktur og overvatn	21
5.9	Støy og ureining	22
5.10	Arealbruk	22
5.11	Eigedomsstruktur	22
5.12	Barn og unge	22
5.13	Universell utforming	22
5.14	Trafikkavvikling	22
5.15	Økonomiske konsekvensar	23
5.16	Naturmangfaldslova	23
5.17	Risiko og sårbarheitsanalyse	24
5.18	Avbøtande tiltak	24
	<b>Vedlegg A: Merknader til varsel om oppstart av planarbeidet</b>	<b>25</b>
<b>6</b>	<b>Referansar</b>	<b>29</b>

# 1 Innleiing

## 1.1 Planområdet og dagens situasjon

Det aktuelle arealet er sett av til LNF-føremål i gjeldande kommuneplan, med omsynssone bevaringsverdig kulturlandskap og omsynssone friluftsliv. Føremålet i planen er ikkje i tråd med overordna plan, men det er avsett areal til tilsvarande tiltak rett attmed byggeområdet. Reguleringsplanen følgjer opp intensjonen i kommuneplanen, og ein ser på endringa som følgjer av reguleringsplanen som ei justering av kommuneplanen.

Ornes som stad har ein særprega posisjon og orientering i høve Lustrafjorden. Lustrafjorden er ein fjordarm til Sognefjorden. Sognefjorden er primært orientert aust - vest, mens Lustrafjorden er orientert nord – sør. Sognefjorden utgjer eit stykke landskap og er eit naturobjekt av lokal, regional, nasjonal og internasjonal storleik som attraksjon og ressurs. Urnes stavkyrkje er orientert aust - vest og plassert i skiljet mellom natur og kultur, i overgang mellom innmark og utmark (Fylkeskommune, 2012).

Urnes stavkyrkje vart bygd i 1130-åra og er saman med kyrkjegarden automatisk freda i medhald av Kulturminnelova. Kyrkja står i ei særstilling når det gjeld arkitektur og stilhistorie, og er eit sentralt verk i norsk kunst- og kulturhistorie. Ho er rekna som den eldste av stavkyrkjene, og er eit eksempel på svært godt handverk og særdeles fin treskurd. Ornamentikken i kyrkja er svært interessant og kan tidfestast til 1050-1100, noko som tyder på at mykje stammar frå ei tidlegare kyrkje. Den særmerkte Urnesstilen har sitt namn frå Urnes stavkyrkje. Stilen er kjenneteikna ved flotte utskjeringar av svært høg kvalitet (Fylkeskommune, 2012).

Fortidsminneforeininga overtok eigaransvaret for Urnes stavkyrkje i 1881, og har etter dette hatt ansvar for drift og vedlikehald av kyrkja. Den Norske Kyrkja v/ Luster Kyrkjelege Fellesråd er eigar av kyrkjegarden og har ansvaret for stell og vedlikehald av denne. I 1979 vart Urnes stavkyrkje innskriven på UNESCO si verdsarvliste, medan kyrkjegarden kom med på eit seinare tidspunkt (UNESCO 2005). Det storslåtte fjordlandskapet, som er eit viktig element for opplevinga av stavkyrkja, er og nemnd i samband med innskrivinga (Fylkeskommune, 2012).

## 1.2 Målsetjing

Det er ei statleg målsetting at alle verdsarvstadane skal ha eit verdsarsenter. Fortidsminneforeiningen som er eigar av Urnes stavkyrkje ynskjer no å byggje verdsarsenter i tilknytning til kyrkja. Verdsarsenteret skal formidle kunnskap om og legge til rette for ei berekraftig forvaltning av verdsarven Urnes, som tek omsyn til lokalsamfunnet sine behov, og som medverkar til lokal verdiskaping og næringsutvikling. Senteret skal dempe den negative påverknad som dei besøkande har på lokalsamfunn og verdsarvstaden, ved at trafikken opp til stavkyrkja og klyngetunet vert styrt og avgrensa og ved at besøksverksemda vert meir kontrollert.

Verdsarsenteret ynskjer å nå yngre aldersgrupper og skal leggje til rette for aktivitetar for born og unge som ein lokal samlingsarena, for lokale og regionale skular og turistar. Det er laga ein pedagogisk plattform for Urnes verdsarsenter, som forankra i UNESCOs verdigrunnlag, FNs berekraftmål og fagfornyninga i skuleverket legg vekt på formidling av kultur- og naturarv til born og unge.

Uteoppfallsarealet inne på utbyggingsføremålet vil vere ein del av utstillinga og denne vil også rette seg mot barn og unge. Urneshagen skal tematisere og formidle FNs bærekraftsmål med framsyning av kva som er dyrka på Ornes, og ein del av tilbodet som vil vere retta mot alle aldersgrupper.

## 2 Planframlegget

### 2.1 Bygningar og anlegg

Området som er sett av til bygningar og anlegg ligg ved avkøyrsla frå fylkesveg 5637, sentralt plassert for dei besøkande til Ornes stavkyrkje. Verdsarvsenteret vil difor fungere som ein portal inn til området og som alle dei besøkande vil passere og kan gå innom.

Tomta er godt synleg frå fjorden, men og for dei som kjem begge retningar langs fylkesvegen. Tomtevurderingane som er gjennomført, tydeleggjer behovet for at bygningane skal underordne seg landskapet. Omsynet til Ornes stavkyrkje og til omsynssone for bevaringsverdige kulturlandskap tilseier at det må stillast strenge krav til bygningar og anlegg si utforming og materialbruk. Ornes stavkyrkje skal og i framtida vere det viktigaste landemerket på Ornes. Tomta si sentrale plassering gjer at folk vil finne senteret sjølv om det har ei utforming som strengt underordnar seg landskapet.

Vegtraseane definerer tomta si trekanta form. Terrenget skrår jamnt frå den flate vegtraseen langs fjorden og opp til vegtraseen som leier opp til stavkyrkja. Høgdeskilnaden går frå kote 33 i nord ved vegkrysset til omlag kote 44 ved eplehagen i sør. Grunnundersøkingane syner at det ligg eit lag med lausmassar over store deler av tomta og at denne er stabil. Tomta har såleis gode moglegheiter for landskapstilpassing, og ein god integrasjon mellom bygningar og terreng. Det er ein føresetnad at bygningar og terrengmurar vert nytta for å stabilisere lausmassane på tomta.

Tomta er på 3 daa. Det er 4,0 m byggegrense mot fylkesvegen og 1,0 m mot LNF området i sør. I tillegg er det sett av omsynssone siktliner. Bygningane kan ha ein samla BRA på inntil 1000 m<sup>2</sup>. Planen legg opp til at det kan vere tilkomst til området frå begge vegtraseane.

Planen legg opp til regulering av høgda gjennom fastsetjing av rammer for gesimshøgde og krav om takform som tilpassar seg landskapet. Maksimal gesimshøgde er sett til 4,0-8,0 m over eksisterande terrengnivå der det er lågast i nord og høgast i sør på byggeområdet, der vurderingane vert gjort opp mot god landskapstilpassing. For å få ei god landskapstilpassing, er det og nødvendig med ein material- og fargebruk som dempar bygningane sitt preg. Ein må vere forsiktig med store glasflater og bør og vurdere kva farge glaset har. Ein bør unngå bruk av materialar som blenkjer.

Ved rammesøknad må det leggst ved situasjonsplan, snitt gjennom bygning og terreng og illustrasjonar som syner at bygningar og anlegg har ei god landskapstilpassing. Det bør utarbeidast illustrasjonar for fleire årstider sidan landskapet skiftar så sterkt karakter gjennom året.

Byggetomta er regulert til privat tenesteyting, men det skal vere mogleg å etablere næring for å kunne styrke næringsutviklinga på Ornes. For å sikre dette er det i føresegnene opna opp for at det kan etablerast kontorlokale til utleige, lokale for handverksprodukt og tilsvarande.

### 2.2 Tilkomst og vegsystem

Planområdet ligg på begge sider av fylkesveg 5637 som går mellom Skjolden og Ornes. Her kryssar vegen mellom ferjeleiet og stavkyrkja fylkesvegen. Planområdet er på om lag 15 daa og omfattar det eksisterande parkeringsanlegget og arealet der besøkssenteret skal ligge. Då trafikkavvikling er ein vesentleg del av planarbeidet, er vegarealet tatt med. Eit av hovudføremåla med besøkssenteret og organiseringa kring dette er at køyretrafikken av besøkande, som når heilt fram til stavkyrkja i dag, skal avskjerast ved parkeringsarealet nedanfor besøkssenteret. Det er og sett av areal til gangareal for å sikre trygg ferdsel mellom parkeringsplass og besøkssenter, og i tillegg moglegheit til trygg ferdsel gjennom området mellom ferjeleiet og stavkyrkja. Inne på området for besøkssenter er det ikkje ønskeleg å legge opp til større parkeringsareal for dei besøkande utover HC-parkering og parkering for dei tilsette, men området må også ha plass til varelevering og av- og påstigning for shuttlebussar mellom verdsarvsenteret og Stavkyrkja.



Figur 2 Vegsystema i planområdet


Luster kommune utarbeidde i 2020 ei trafikkanalyse for Ornes, og for dette planarbeidet er det tatt utgangspunkt i denne analysen (Multiconsult, Trafikkanalyse Ornes, 2020). I følgje analysen var det 21.800 besøkande til stavkyrkja i 2019. Av desse var 3000 besøkande i grupper. Per 9. februar 2020 vart det søkt om 17 cruiseanløp sommaren 2020. Dette gjer at det ein forventar inntil 85 bussar i løpet av sommaren, og anslagsvis ca. 4250 besøkande.

For å ta vare på verdsarvstaden vert det ikkje lagt til rette for auka besøk inne i kyrkja, men heller auka styring av dagens besøkmengde. Det kan vere aktuelt å auke billettprisane som verkemiddel for å avgrense besøket. Ifølgje Fortidsminneforeningen bør det ikkje vere meir enn ca. 500 besøkande per dag i kyrkja (Multiconsult, 2019). Etableringa av verdsarvsenteret vil tryggje at dette er gjennomførbart.

Avkøyrslane til parkeringsplassen er dimensjonert for buss, og det er sett av busshaldeplass på sørsida til to bussar (figur 1). Det er ikkje ynskjeleg å setje av plass til fleire bussar då det er arealkrevjande, og topografien i området gjer dette utfordrande då det vil bli behov for opparbeiding med forstøttingsmurar. Ein ynskjer heller ikkje å ta meir areal av kulturlandskapet enn nødvendig, samt at ein vil motverke auke i tal besøkande til kyrkja.

Figur 1 viser også tenkt parkeringssituasjon som er vidareført til plankartet. Det er tenkt å opparbeide 11 parkeringsplassar på kvar side av vegen gjennom parkeringsområdet, til saman 22 parkeringsplassar. Parkerte bussar skal kunne svinge inn att på parkeringsområdet for å ev. kunne kome seg vidare med ferja til Solvorn. Det er lagt opp til einvegskøyring inne på parkeringsområdet for å gjere området meir oversiktleg og av omsyn til trafikktryggleiken.

I tillegg er det tenkt å opparbeide parkeringsplassar og av- og påstigning for shuttlebussar inne på utbyggingsområdet, BOP. Her er det ikkje avsett parkering i plankartet då ein ikkje ynskjer å binde plassering av parkeringsarealet no, men heller sette krav i føresegnene at dette skal opparbeidast.



Figur 3 Veg- og parkeringsskisse, samt springskurve for buss.

### 2.3 Arealbruk

Hovudformål	Formål	Areal
Bygninger og anlegg	Privat tenesteyting (BOP)	3,3 daa
Samferdsleanlegg og teknisk infrastruktur	Køyreveg (SKV)	2,8 daa
	Gangveg (SGG)	0,3 daa
	Annan veggrunn – tekniske anlegg (SVT)	1,6 daa
	Haldeplass (SH)	0,2 daa
	Parkering (SPA)	0,8 daa
Landbruks-, natur- og friluftsføremål	Landbruksføremål (LL)	4,6 daa
<b>Totalt</b>		<b>13,6 daa</b>




## 3 Planprosess og vurdering av alternativ

### 3.1 Planprosess

I samband med oppstart av planarbeidet er det halde oppstartsmøte med Luster kommune, 27.01.2020 for å avklare føresetnadane for planarbeidet. Oppstart av planarbeidet vart meldt 05.03.2020. Merknadsfrist var sett til 28.03.2020. Det kom inn 5 merknadar til varsel om oppstart av planarbeidet. Desse er summert og vurdert i vedlegg A.

Spørsmålet om planarbeidet fell innanfor verkeområdet til forskrifta om konsekvensutgreiingar (KU) vart vurdert som ein del av oppstart av planarbeidet. Konklusjonen var at planarbeidet ikkje vart fanga opp av dei særskilde handsamingsreglane i forskrifta om konsekvensutgreiingar §§ 6 og 8. Vurderinga var basert på at tomta ligg såpass langt unna stavkyrkja og at verdsarvsenteret skal gje ein betring av situasjonen for kyrkja. Naudsynte vurderingar i forhold til landbruk, trafikale forhold, landskap og OUV<sup>1</sup>ar vert gjort i planomtalen. Tiltaket sin plassering er ikkje i tråd med overordna plan, men det er avsett plass til tilsvarande tiltak rett attmed aktuelt byggeområde. Ein vurderer difor dette planarbeidet som ei justering av gjeldande kommuneplan, og intensjonen i gjeldande planverk er at det skal plasserast eit verdsarvsenter i dette området.

Det har vidare vore prosess med møte med Riksantikvaren i høve val av tomt for verdsarvsenteret og arbeidet med reguleringsplan. Arkitektkontoret 4B presenterte dei fire tomtealternativa (kap. 3.2), og Riksantikvaren støttar opp om vidare arbeid med alternativ 1 og 2a, og at ein legg opp til eit beskjedent bygg. Det er viktig å ta omsyn til fornminne som gravhaugar og bauta, og siktlinene mellom desse. Riksantikvaren var positiv til at det ikkje blir lagt opp til ein auke tal i besøkande, samt at bussar og bilar ikkje skal køyre opp til kyrkja.



Figur 4 Presentasjon av siktlinjer mellom fornminne

<sup>1</sup> OUV = Objektet sitt framstående universelle verdi. UNESCO har utarbeidd kriteria og vilkår for opptak av kulturminne og naturområde på Verdsarvslista, for å kunne vurdere om desse er av framragande universell verdi, og for å rettleie statspartane til konvensjonen når det gjeld vern og forvaltning av verdsarvsstadene.

Sommaren 2018 vart det gjennomført ei tomteanalyse for besøkssenteret der ein såg på fire ulike tomter, og analysen er summert i neste kapittel. Tomtene vart peika ut av ei forprosjektgruppe samansett av Fortidsminneforeiningane, Luster kommune, Fylkeskommunen og bygdelaget på Sørsida.

Tomteanalysen konkluderte med at det aktuelle planområdet (oppgitt som tomtealternativ 1) var best eigna med omsyn til trafikkavvikling, besøksopplevinga, logistikk, landskapsverknad, geologi/grunn, jordvern og samspel med kulturlandskapet.

### 3.2 Fire tomtealternativ

Figuren på neste side viser lokalitetane for dei fire tomtealternativa som vart vurdert. Då tomteanalysen var ferdig utarbeidd satt ein igjen med to alternativ med omtrent like gode eigenskapar som ein valte å jobbe vidare med. Etter ein heilskapleg vurdering av desse sat ein igjen med tomtealternativ 1 som ein til slutt enda opp med, og det er dette området som ligg til grunn for planframlegget.



Figur 5 Oversikt over lokalisering av dei fire ulike tomtealternativa

#### 3.2.1 Tomt 1

Tomta er eit sentralt velkomstpunkt då ein uansett må forbi området på veg til kyrkja, og er godt synleg uansett kva slags retning ein kjem. Tomta er av dei alternativa som er nærast kyrkja og gjer avstanden mindre, og genererer mindre transport til kyrkja.

Kan bli godt synleg frå ferga, og er elles lett synleg frå vegen. Bygget vil ikkje vere i konflikt med siktlina mellom fornminna i nord og sør.

Det er ein bratt tomt som gjer at ein har moglegheit for å byggje i to etasjar, og ein kan grave ned bygget. Men å byggje i to etasjar kan gje dyrare driftskostnader. Det er ledd å formidle med tak for å vise landbruket kring, og er eit utsiktspunkt. Tomta gjer at det kan eigne seg å lage eit diskret bygg slik at det visuelle avtrykket blir minst mogleg, samtidig som det krev eit stort terrenginngrep for å kunne byggje her.


Det går ein tursti mellom kaia og tomta som kan vere ein snarveg mot kyrkja for dei som kjem gåande.

Varelevering kan leggest tilbaketrekt ved fylkesvegen og henge saman med bygningen sitt nedre plan.

Det er allereie opparbeidd ein parkeringsplass i nærleiken.

Tomta er den mest tilbaketrekte av alternativa. Ein ser gravhaugen frå området og det er nært kulturstien.

Det er god kopling til skulehuset slik at ein kan ha arrangement som 17. mai og bygdeklubb i besøkssenteret.



Figur 6 Eksempel på tomte- og byggutforming for tomt 1

### 3.2.2 Tomt 2a

Ligg sentralt og vil fange opp tilreisande både frå Solvorn og Skjolden på ein god måte. Den ligg også sentralt i forhold til trafikk til kyrkja. Lett tilgjengeleg med tanke på varelevering og oppstilling av transport til kyrkja.

Mistar parkeringsmoglegheit i byggjeperioden. Kan ha løysing med parkering ved sidan av bygget, eller ha fjernparkering ein annan stad.

Ein kan plante eplehage og ha Urneshagen nedanfor sjølve bygget som vil vere visuelt vakkert og ein fin intro til senteret.

Tomta er godt synleg frå ferje, kai og veg. Tomta er meir tydeleg enn tomtealternativ 1 som kan vere ein tydeleg og positiv visuell effekt.

Det er litt lenger unna skulehuset enn alternativ 1, men koplpar seg på det som skjer nede mot kaia.



Figur 7 Eksempel på tomte- og byggutforming for tomt 2a

### 3.2.3 Tomt 2b

Det alternativet med dårlegast utsikt, og synast dårlegare enn dei andre tomtene. Ligg skjult bak eksisterande parkering. Krev store terrenginngrep, og framstår totalt sett som eit dårlegare val enn dei andre tre. Ein har difor valt å ikkje fokusere meir på dette alternativet, og dermed er det ikkje utarbeidd eksempel på byggutforming for dette alternativet.

### 3.2.4 Tomt 3

For dei som kjem frå Solvorn med ferje og fritidsbåtar vil tomta liggje fint til. For dei som kjem frå Skjolden vil tomta bli ein omveg for målpunkta på Ornes enten ved fjernparkering, eller om parkeringa vertlokalisert nede ved fjorden.

Det vil vere krevjande å byggje nede ved fjorden av omsyn til strandsonevernet, og ein må ta omsyn til den store eika og ferga. Ein vil måtte oppgradere ferjekaia, noko som vil leggje til rette for å kome til området med småbåt. Det er også mogleg at dette vil påverke ferjedrifta negativt.

Det kan bli behov for å etablere sti frå ferga og opp til tomta for å gi ein meir direkte veg til kyrkja.

Tomta gjev god utsikt mot fjorden og Solvorn, men ein mistar utsikta til kulturlandskapet som er ein del av verdsarvområdet.



Figur 8 Eksempel på tomte- og byggutforming for tomt 3.

### 3.2.5 Konklusjon av tomteval



Figur 9 Oversikt over utbyggingseksempel for alternativa 1, 2a og 3

Det vart ikkje anbefalt å gå vidare med tomt 2b då denne tomta har dårlege utsiktsforhold, ligger skjult, krev store terrengingrep og generelt framstår som eit dårlegare val enn dei andre tomtene.

Det vart ikkje anbefalt å gå vidare med tomt 3 då tomte vil by på store utfordringar med byggjegrund, er innanfor fare for havnivåstigning, samt av omsyn til strandsonevernet. Utbygging her vil også føre til store terrenginngrep. Vidare vil det vere vanskeleg å løyse logistikken med tanke på ferjetrafikk og parkering. Ulempene er generelt større enn fordelane med å bygge her.

Etter ein samla vurdering vart det konkludert med at tomt 1 og 2a eigna seg for vidare utvikling.

Fellestrekk for desse to tomtene er at dei:

- har gode utsiktsforhold
- har gode moglegheiter for god terrengtilpassing (særleg tomt 1)
- har logisk plassering i forhold til tilkomst til kyrkja
- vil fungere som ein portal til kyrkja
- får til gode uteopphaldsareal
- er godt synleg ved tilkomst til staden
- ligg midt på Ornes, noko som er bra for lokalsamfunnet
- god moglegheiter for å løyse trafikksituasjon og parkering

På tomt 2a vil bygningen erstatte ein fylling som etter vår vurdering er eit landskapsmessig feilgrep.

Tomt 1 ligg betre til rette for landskapstilpassing enn tomt 2a i og i samanheng mellom bygning og landskap – og for etablering av Orneshagen.

## 4 Planstatus og rammer for planarbeidet

Det er gjeve føringar både på nasjonalt og regionalt nivå i tillegg til dei konkrete føringane som kommunen har trekt opp for planarbeidet.

### 4.1 Nasjonale forventningar og regionale føringar

Det ligg føre ei rekkje sentrale føringar som er klarlagt i ulike stortingsmeldingar, rikspolitiske retningslinjer og statlege planretningslinjer. Dette femnar om nasjonale og regionale mål om bl.a. å ta vare på naturkvalitetar og ressursar, landskap, kulturkvalitetar samt friluftsliv og rekreasjon.

Nasjonale forventningar til regional og kommunal planlegging vart vedteke ved kongeleg resolusjon 12. juni 2015.

I forventingsdokumentet er det peikt på kva omsyn fylkeskommunane og kommunane bør leggje vekt på for å få gjennomført nasjonal politikk.

I dette dokumentet er det tre hovudtema:

- Gode og effektive planprosessar
- Berekraftig areal- og samfunnsutvikling
- Attraktive og klimavenlege by- og tettstadsområde

Ved kongeleg resolusjon vart det vedteke Nasjonale forventningar til regional og kommunal planlegging.

### 4.2 Regionale føringar

Regionale planar skal etter plan og bygningslova § 8-2 ligge til grunn for kommunal planlegging og verksemd. Regionale planar vedteke i Sogn og Fjordane gjeld for gamle Sogn og Fjordane, fram til desse planane vert avløyst av nye planar i Vestland. Regionale planar og strategiar som er særleg relevant for dette arbeidet er:

- [Regional plan for folkehelse 2015-2025](#)
- [Regional plan for klimaomstilling 2018-2021](#)
- [Regional plan for kultur 2019-2027](#)

Planarbeidet støttar opp om desse satsingane i dei regionale planane ved at ein har fokusert på eit besøkssenter som inkluderer alle, ikkje berre turistar. Det er lagt særleg vekt på at besøkssenteret skal skape ein meirverdi for lokalsamfunnet gjennom å vere ein sosial møteplass med særleg vekt på barn og unge. Det skal vere utsalsplass for lokale produkt. Utstillingane skal syne Urnes stavkyrkje som verdsarven ved Lustrafjorden i eit lokalt og globalt perspektiv. Den skal gje kunnskap om verdien av lokalsamfunnet kring kyrkja gjennom tidene. Det er fokusert på trafikktilhøve som gjer at området vil verte tryggare å ferdast i då ein legg opp til at det vert mindre bilkøyring opp til stavkyrkja, og at det er lagt til rette for fortau ved parkeringsområdet og busshaldeplassen. Bygget skal ha gode estetiske kvalitetar som tar vare på kulturlandskapet og landskapet generelt. Urnes stavkyrkje skal framleis vere det viktigaste landemerket og verdsarvsenteret skal ha ei nedtona framtoning i fjordlandskapet.

### 4.3 Lokale føringar


Samfunnsdelen med dei overordna strategiane for utvikling, arealdelen samt ei rekkje temaplanar dreg opp føringar som påverkar arbeidet.

#### 4.3.1 Kommuneplan – arealdelen

Kommuneplanen legg dei overordna føringane for utvikling av arealbruken. Luster kommune reviderte sist kommuneplanen i 2019. Området er sett av til landbruks,- natur- og friluftsføremål.

I kommuneplanen er heile planforslaget avsett til følgande omsynssyner:

- H570 Urnes Bevaringsverdig kulturminne
- H530 Friluftsliv



Figur 10 Utsnitt av kommuneplan for Luster, 2019-2030.


#### 4.3.2 Reguleringsplan

Planområdet er regulert gjennom reguleringsplan for Ornes som vart vedteke 09.04.1997.

Den delen av tomte som er tenkt nytta til parkering og snuareal for buss, er i gjeldande reguleringsplan sett av til kombinert føremål spesialområde tilkomstzone Urnes stavkyrkje og serviceanlegg - parkering. Planforslaget har ikkje tatt med heile arealet fordi ein ikkje har ynskje om å auke tal parkeringsplassar på Ornes. Dette for å ikkje medverke til at talet på besøkande aukar.

Den delen av tomte som i gjeldande plan er sett av til besøkssenter og frukthage/bærhage er på omlag 3,5 mål. Dette er også sett av til Spesialområde kulturlandskap landbruk. Dette er eit areal som ikkje vert dyrka, sett bort frå arealet der frukttrær står.





Figur 11 Utsnitt av reguleringsplan frå 1997. Dei rosa område er sett av til spesialområde

## 5 Verknader av planframlegget

### 5.1 Landskap og estetikk

Ornes betyr utstikkande nes og neset har ei markant plassering med og er svært synleg både når ein seglar inn og ut Lustrafjorden. Verdiskulturminnet Urnes stavkyrkje ligg plassert på ei lita flate, lengst oppe på neset, like før fjellet blir markant brattare opp mot fjellet. Som neset, ligg kyrkja i aust-vestleg retning. Tomta ligg på den litt breie ryggen til neset og er såleis godt synleg frå fjorden. Tomta ligg inntil fylkesveg 56 og er såleis godt synleg for dei som ferdast langs vegen.

Fordi tomta er så synleg, fordi Urnes stavkyrkje er eit viktig kulturminne og av omsyn til fornminne og kulturlandskap, stiller planen strenge krav til god landskapstilpassing.

Planen føreset at omsynet til god landskapstilpassing må dokumenterast gjennom situasjonsplan, landskapssnitt og 3D-illustrasjonar. Sidan tomta har ein høgdeskilnad frå kote 33 m i nord der tomta er svært smal til kote 44 i sør der tomta er brei, er det lagt opp til ei øvre høgdeavgrensing for gesims, men at det må gjerast tilpassingar basert på heilskapsvurderingar innanfor denne ramma der god landskapstilpassing er eit ufråvikeleg krav. Maksimal høgde på bygningen går frå ein etasje i nord til to etasjar i sør. Det kan likevel vere fleire etasjar dersom desse vert trappa av oppover i terrenget. Ei etasjehøgde er maksimalt 4,0 m, men denne må likevel vurderast opp mot krav om god landskapstilpassing. Planen stiller og tydelege krav til at farge- og materialbruk bygger under kravet om god landskapstilpassing.

Planen legg opp til å bruke eksisterande parkeringsplass vidare med ei forsiktig utviding mot nord med omlag 1-3 m. Den forsiktige utvidinga sikrar at bussane kan snu på parkeringsplassen og at ein slepp å etablere ny snuplass annan stad på Ornes med dei verknadene dette ville ha gjeve. Foten av skråningen vert uendra. Det vil og bli etablert ei busslomme for to bussar på austsida av vegen. Dette medfører ei mindre justering av planavgrensinga mot aust. Det er ikkje nødvendig å fjerne massar i skråninga og såleis medfører ikkje busslomma endringar i landskapet. Det kan bli aktuelt å setje opp ein låg terrengmur mot aust, utanfor planområdet, for å sikre mot utgliding av massar. Dei to bussane vil bli synlege i landskapet, men denne plasseringa er mindre sårbar enn dei fleste andre stader, noko som og kjem fram av tomteanalysen. Planen legg til rette for etablering av ei gangsoner på parkeringsplassen med kryssing av vegen like sør for parkeringsplassen. Det ligg og til rette for etablering av gangsoner/fortau langs busslomme og som leier fram til krysset ved tomta. Her vil gåande kunne følge vegen vidare opp til stavkyrkja. Gangsona vert 1,5 m brei og medfører ikkje endringar i landskapet og vil ikkje bli eit vesentleg tiltak i landskapet.

### 5.2 Verdsarv/OUV

Unesco sine kriterier for Urnes stavkyrkje sine OUV-er:

*Kriterium (i): representerer et mesterverk av menneskelig skaperevne: Begrunnelse: "The Urnes Stave Church is an outstanding example of traditional Scandinavian wooden architecture. It brings together traces of Celtic art, Viking traditions and Romanesque spatial structures. The outstanding quality of the carved décor of Urnes is a unique artistic achievement."*

*Kriterium (ii): representerer en viktig utveksling av menneskelige verdier, innenfor et visst tidsrom eller i en viss del av verden, når det gjelder utvikling innen arkitektur eller teknologi, monumentalkunst, byplanlegging eller landskapsutforming: Begrunnelse: "The stave churches are representative of the highly developed tradition of wooden buildings that extended through the Western European cultural sphere during the Middle Ages. Urnes is one of the oldest of the Norwegian stave churches and an exceptional example of*

*craftsmanship. It also reveals the development from earlier techniques and therefore contributes to the understanding of the development of this specific tradition.”*

*Kriterium (iii): er et unikt, eller i alle fall eksepsjonelt, vitnesbyrd om en kulturtradisjon eller en sivilisasjon som er levende eller som har forsvunnet. Begrunnelse: “Ornes Stave Church is an ancient wooden building and is outstanding due to the largescale reuse of both decorative and constructive elements originating from a stave church built about 7 one century earlier. It is an outstanding example of the use of wood to express the language of Romanesque stone architecture.”*

Riksantikvaren presiserte i møte 15.06.2019 at Unesco sine OUV-er i første rekke er knytt til stavkyrkja og kyrkjegarden, men og fornminner i området nede ved fjorden. Planarbeidet har avklara at det ikkje vert konflikt mellom verdsarvsenteret sine bygningar og anlegg og siktlinjene mellom fornminna ved fjorden. Detaljplanarbeidet føreset at verdsarvsenteret får ei utforming som underordnar seg landskapet og stavkyrkja sin posisjon som den viktigaste bygningen på Ornes. Utstillingane og aktivitetane til besøkssenteret vil gje utdjupande kunnskap om OUV-ane gjennom fysisk og digital formidling, og vil slik skape ei større forståing for dei verdiane som stavkyrkja representerer. Eksisterande parkering ved fylkesvegen vil bli vidareført og det er eit mål at dei besøkande som er i stand til det skal gå frå ferjeleiet eller frå parkeringsplassen og opp.

### 5.3 Kulturminne/fornminne

Ornes stavkyrkje vart saman med Bryggen i Bergen det første kulturminnet i Norge som vart skrive inn på UNESCO si verdsarvliste i 1979. På den tida var det objektet som stod i fokus og innskrivinga omfattar berre stavkyrkja, kyrkjegarden og sikringssona rundt. I dag er ein opptatt av å ta vare på konteksten som kulturminna står i og for Ornes stavkyrkje er det storslåtte fjordlandskapet og det nære kulturlandskapet svært viktig å ta vare på. Ein konsekvens av dette er at det er starta opp arbeid med å få på plass ein buffersone rundt Ornes stavkyrkje som skal ta vare på dei oppsluttande verdiane som landskapet har på verdsarvminnet. Området er i dag avsett til omsynssone for bevaringsverdige kulturlandskap.

Verdsarvrådet for Ornes stavkyrkje og tilhøyrande områder, sette ned ei forprosjektgruppe som hadde i oppgåve å vurdere ulike tomtealternativ. Her deltok representantar frå Fortidsminneforeningen, fylkeskommunen, kommunen og lokalsamfunnet. I forprosjektgruppa vart fleire tomtealternativ utgreia, og det var brei semje om at den tomte som er føreslått i planframlegget var den som var best eigna med omsyn omgjevnadane til Ornes stavkyrkje, siktliner både til og i frå stavkyrkja, kulturlandskapet, trafikkavvikling og besøksoppleving. Etableringa av eit besøkssenter så tett på stavkyrkja er utfordrande. Føresegnene stiller difor krav om at besøkssenteret underordnar seg landskapet.

Vestland fylkeskommune gjennomførte kulturminneregistreringar på tomt 1 i juni 2020. Det vart i alt nytta 2 dagar i felt med 2 arkeologar. Områder vart undersøkt ved hjelp av gravemaskin der det vart opna søkesjakter ned til steril undergrunn. Det vart ikkje gjort funn av automatisk freda kulturminne eller indikasjonar på slike. Fylkeskommunen har difor ingen vesentlege kulturminnefaglege merknader til planen når det gjeld automatisk freda kulturminne.

Det ligg nokre registrerte fornminne og bautaer utanfor planområdet, og desse kjem fram av figur 10 under. Framtidig utbygging er ikkje i konflikt med siktlinene mellom kulturminna. Siktlinja mellom kulturminnet i nordvest og kulturminnet i sør går utanfor planområdet i vest. Siktlinja mellom kulturminna i nordvest og i sørvest går fram av plankartet, og denne kryssar den sørlege avkøyrsla til parkeringsplassen.

Heile planområdet er dekkja av til omsynssone H570 – kulturmiljø, som er ein vidareføring av gjeldande kommuneplan.



Figur 12 Oversikt over registrerte kulturminne i nærområdet

## 5.4 Grunntilhøve

Knytt til arbeidet med ROS-analysen har Norconsult gjennomført grunnundersøkingar for det aktuelle utbyggingsområdet. Undersøkingane syner at lausmassane består av grove friksjonsmassar, truleg morenemassar, over berg. I ein skilde borpunkt vart det registrert mindre bormotstand, truleg matjord.

På bakgrunn av utførte grunnundersøkingar er det ikkje avdekkja lausmassar som kan leie til kvikkleireskred, og det er ikkje trong for vidare utreiing av dette for tiltaket.

Lausmassetilhøva syner faste friksjonsmassar over berg og det er vurdert til at stabilitet av dagens skråning, som den står i dag, er tilstrekkeleg. Eit bygg er antatt å kunne fundamenterast direkte i lausmassane.

Ved framtidig utbygging må stabilitet av skråning med bygning vurderast på nytt. Dersom det vert lagt opp til å etablere eit bygg inn i terrenget, slik at terrenget avlastar tilsvarande som nytt bygg, er det truleg lite behov for å vurdere den permanente stabiliteten. Men dette må avklarast i ein seinare fase når type bygg er valt.

Dersom det vert valt å bygge seg inn i skråninga med eit bygg, kan det verte behov for midlertidig tiltak (støttekonstruksjon) knytt til utgravinga, særskild dersom ein skal tett inn på Ornes-vegen.

Dersom ein etablerer tilkomst og bygg frå Sørsidevegen, vil utgraving av byggegrop leie til graveskråningar. Avhengig av storleiken på byggegrop kan det verte behov for graveskråningar og ev. støttekonstruksjon mot Ornes-vegen. Det er ikkje registrert grunnvassnivå i området i arbeidet med grunnundersøkinga. Dette vil spele inn på kva type graveskråning ein kan nytte. Generelt er det tilrådd at det ikkje vert greve brattare enn 1:1,5 – 1:1,3 i slike typar lausmassar i drenert tilstand. Det må vurderast behov for tildekking av mellombelse graveskråningar under bygging ved mykje nedbør, sidan dette kan leie til redusert stabilitet i overflata..

## 5.5 Naturmangfald

Det er ikkje registrert naturverdiar i Naturbasen til Miljødirektoratet innanfor planområdet.

Søk opp mot artsdatabanken viser at det er ein raudlisteart i grensa til planområdet i søraust. Dette er plantearten eplerose (*rosa rubiginosa*) som er registrert som nært truga.

Det er observert ein framandart ved fylkesvegen ned til ferjekaia, planten klustersvineblom (*senecio viscosus* L.)

## 5.6 Naturressursar

Det er 1,7 daa fulldyrka jord innanfor utbyggingsområdet, og dette arealet vert brukt til fruktdyrking (fire rekker med frukttrær). Resterande areal innanfor utbyggingsføremålet, 2 daa, er registrert som skog av særskilt høg bonitet. Jord- og skogbruksarealet vil måtte vike ved utbygging.

Det er vanskelege driftstilhøve i skogsområdet pga. topografi og med fylkesveg på begge sider, og dette området er difor vurdert til liten verdi.

Jordbruksarealet ligg i enden på eit jordbruksområde, noko som er positivt då det ikkje fører til fragmentering av arealet. Arealet er utfordrande å drive, men tiltaket vil uansett redusere omfang av ressursgrunnlaget. Jordbruksarealet som her blir omdisponert er vurdert til marginalt sett i jordbrukssamanheng som ikkje gir store konsekvensar for jordbruket på eigedomen. Samla sett vurderer ein at gjennomføring av tiltaket i planforslaget vil ha liten til middels negativ effekt.

Areal som ikkje er avsett til bygg eller samferdselsanlegg er avsett til landbruksføremål. Areal regulert til annan veggrunn kan nyttast til landbruk.

## 5.7 Nærmiljø og friluftsliv

Alle fylkesvegane er merka som tur- og friluftsrute.

Heile planområdet er avsett til omsynssone for friluftsliv i overordna plan, og dette er vidareført i planforslaget.

Planframlegget set ikkje avgrensingar for bruk eller attraktiviteten til desse områda, i staden er det venta at dei nye tiltaka vil auke attraktiviteten for området som heilskap, samanlikna med dagens arealbruk.

## 5.8 Teknisk infrastruktur og overvatn

Innanfor utbyggingsområdet ligg det fleire private vassleidningar. Ein har ikkje god kjennskap til kvar dei faktisk ligg og det må takast særskild omsyn til desse i tiltaksfasen. Mest truleg må fleire eller alle leidningane leggjast om.

For bruksvatn til senteret er det lagt til grunn at ein må etablere ein ny brønn og ev. høgdebasseng, sidan eksisterande brønner ikkje har tilstrekkeleg kapasitet til også å tene verdsarvsenteret. Avlaup er i utgangspunktet tenkt løyst med minireinseanlegg. Det skal utarbeidast ein OVA-plan før søknad om igangsetjingsløyve.

Det vil ikkje vere tilstrekkeleg med vatn til brannsløkking for verdsarvsenteret. Fortidsminneforeningen planlegg uansett for gassløkkingsanlegg for å ivareta branntryggleiken i besøkssenteret. Dette er den føretrekte branntryggingemetoden i bygningar som også har uerstattelige/sjeldne verdiar som vil verte skada av meir ordinære sløkkemetodar som vatn og skum.

Vi har ikkje kjennskap til at det er utfordringar i området knytt til handtering av overflatevatn. Området for utbygging består av skog- og jordbruksareal, og området har fall vestover mot fjorden. Mellom planområdet og fjorden er det samanhengande dyrkingsareal av frukttrær med god kapasitet for å ta opp og fordrøye overvatn. System for handtering av overflatevatn i område er føresett dimensjonert for å ta unna vatn og at naudsynt tilsyn og vedlikehald/reinsking vert gjennomført. Det vil verte ivareteke gjennom vidare arbeid med prosjektering.

## 5.9 Støy og ureining

Området er innanfor gul støysone til veg, eit støynivå på inntil 55 dB, henta frå databasen til Statens vegvesen. Det er føresett at nye tiltak om naudsynt vert dimensjonert mot støypåverknad, jamfør krava i byggteknisk forskrift.

Byggjearbeid vil medføre mellombels auke i støyulempene. På same måte som ved støy, vil auka utslepp av klimagassar vere ein naturleg konsekvens av byggjearbeidet. Verknadane vil vere lokale og avgrensa til anleggsperioden. Søl frå anleggs- og vedlikehaldsutstyr i form av diesel/bensin/olje vil kunne førekome.

## 5.10 Arealbruk

Arealbruken i planframlegget er vurdert å støtte opp overordna strategiar i kommuneplanen. Konsekvensane av planen må sjåast saman med dei vegvala og prioriteringane som er gjort gjennom kommuneplanen, samt dei avklaringane som vart gjort av kommunen i starten av denne planprosessen.

## 5.11 Eigedomsstruktur

Ole Inge Skagen eigar av alt areal (g/bnr. 183/1) utanom eksisterande veggrunn. Vestland Fylkeskommune er eigar av Fylkesveg 5637 og parkeringsarealet. Utbyggingsarealet vil verte frådelt med bakgrunn i reguleringsplanen.

## 5.12 Barn og unge

Verdsarvsenterert ynskjer å nå yngre aldersgrupper og skal leggje til rette for aktivitetar for born og unge som ein lokal samlingsarena, for lokale og regionale skular og turistar. Det er laga ein pedagogisk plattform for Ornes verdsarvsenter, som forankra i UNESCOs verdigrunnlag, FNs berekraftsmål og fagfornyninga i skuleverket legg vekt på formidling av kultur- og naturarv til born og unge.

Uteoppfallsarealet inne på utbyggingsføremålet vil vere ein del av utstillinga og denne vil også rette seg mot barn og unge. Urneshagen skal tematisere og formidle FNs bærekraftsmål med framsyning av kva som er dyrka på Ornes, og ein del av tilbodet som vil vere retta mot alle aldersgrupper.

## 5.13 Universell utforming

Løysingane i planen er føresett å ivareta krav i teknisk forskrift til plan- og bygningslova. Dei faktiske løysingane vert valt gjennom detaljprosjektering av tiltaka.

## 5.14 Trafikkavvikling

Midt i planområdet er det etablert eit firarkryss (x-kryss), og vegane er FV5637 med namn Sørsidevegen og Ornes. I vegdatabanken er FV5637 registrert med ÅDT 100, der del lange køyretøy er 10 %. Frå krysset og sørover er Sørsidevegen registrert med ÅDT 50, der del lange køyretøy er 10 %.

Fylkesvegane i planområdet er dimensjonert etter øvrige lokalveger, L2 iht handbok N100 til SVV. I trafikkanalysen (Multiconsult, Trafikkanalyse Ornes, 2020) er det anbefalt at fartsgrensa vert redusert til 50 km/t pga. at strekninga her har særskilt avvikande vegutforming/kurvatur. Vegen vert også nytta av fleire gåande i turistsesongen, og låg fart er vesentleg for trafikktryggleiken for mjuke trafikantar.

Løysingar for justering av geometri for FV5637 kan handsamast som punktutbetring i samsvar med Statens vegvesen sine handbøker. Fråvikshandsaming vert difor truleg ikkje naudsynt. N100 er lagt til grunn for utforming av nye trafikkkløysingar innanfor planområdet.

Det er valt å ikkje leggje til rette for etablering av fortau i planområdet, då dette vil vere eit framandelement i kulturlandskapet på Ornes. I staden vert det lagt opp til etablering av eit gangareal i plan med køyrevegane, fram til verdsarvsenteret.

Mellom verdsarvsenteret og stavkyrkja er målet til Fortidsminneforeningen å få på plass inntil 2 elektriske shuttlebussar som kan transportere besøkande mellom dei to målpunkta, og slik avskjere biltrafikk av besøkande opp til kyrkja. Dette vil resultere i ein vesentleg betring av trafikksituasjonen fram til stavkyrkja, samanlikna med dagens situasjon.

For vurdering av naudsynt parkeringsdekning følgjande lagt til grunn:

- Ein skal ikkje skal ha høgare besøkstal enn i dag til verdsarvkyrkja.
- 2019-tal frå Ornes-ferja som syner at i dei mest travle sommarveke vert frakta kring 700 bilar per veke. I snitt utgjer dette 100 bilar per dag, det er ikkje gjort skilnad på kvardag og helg i sommarmånadane.
- For besøkande som kjem frå Skjolden er det lagt til grunn at desse reiser vidare til Solvorn og slik utgjer halvparten av dei 100 bilane per dag.
- Ferja tek maks 11 bilar per tur og har avgang frå Solvorn kvar time. Det er føresett at 10 av 11 bilar er besøkande til Stavkyrkja og verdsarvsenteret.
- Erfaringsmessig vil ikkje besøkjande til kyrkja opphalde seg lenger enn inntil 2 t. Ved etablering av verdsarvsenter er det venta at besøkande på Ornes kan opphalde seg til inntil 3 t.

Med bakgrunn i dette er det anslått at 20 parkeringsplassar vil sørge for full parkeringsdekning for besøkande innanfor eit vindaug på 3 timar, med i snitt 10 bilar i utskifting per time. Planframlegget legg til rette for 22 parkeringsplassar innanfor eksisterande parkeringsområde, samt HC-parkering og tilsettparkering innanfor tomta til verdsarvsenteret. Samla er det difor vurdert at parkeringsdekninga vil vere litt i overkant av det faktiske behovet, men samstundes gje tilstrekkeleg fleksibilitet for tidspunkt med særskild mykje besøk.

## 5.15 Økonomiske konsekvensar

Planområdet vil verte utvikla i privat regi. Området må opparbeide privat VA-anlegg og vassforsyning (brønn). I tilknytning til verdsarvsenteret må det også opparbeidast snuareal og parkering for buss, samt gangareal.

## 5.16 Naturmangfaldslova

Naturmangfaldslova femnar om all natur og alle sektorar som forvaltar natur eller som fattar vedtak som kan ha konsekvensar for natur. Gjennom lova er det, bl.a. innført forvaltningsmål for naturtypar og artar, krav til kunnskapsgrunnlag og rettslege prinsipp for natur (føre-var, samla belastning m.m.).

Formålsparagrafen (§1) i lova har slik ordlyd:

«Lovens formål er at naturen med dens biologiske, landskapsmessige og geologiske mangfold og økologiske prosesser tas vare på ved berekraftig bruk og vern, også slik at den gir grunnlag for menneskenes virksomhet, kultur, helse og trivsel, nå og i fremtiden, også som grunnlag for samisk kultur.»

Det går fram av § 8 første leidd i naturmangfaldslova fram at vedtak som rører naturmangfaldet skal bygge på vitskapleg kunnskap om artar sin bestandssituasjon, naturtypar si utbreiing og økologisk tilstand samt effekten av påverknad.

Kunnskapsgrunnlaget bygger i hovudsak på informasjon som er tilgjengeleg i nasjonale databasar, opplysningar frå Aurland kommune og uttaler til varsel om oppstart av planarbeidet. Området er avsett til bustad og fritidsbustad i overordna i plan. Det er ikkje kome fram informasjon om at det er naudsynt å gjere tilleggsvurderingar/registreringar gjennom dette planarbeidet.

Det har ikkje kome fram informasjon som inneber at det bør innarbeidast avbøtande tiltak for å unngå mogleg skade på naturmangfaldet, jf. § 9 i naturmangfaldslova. Dette spørsmålet må også kommunen vurdere nærmare når uttale frå statlege styresmakter ligg føre.

Det er ikkje avdekt omsyn gjennom planarbeidet som inneber at det bør stillast krav om miljøforsvarlege teknikkar og driftsmetodar etter § 12 i naturmangfaldlova.

Arkitektkontoret 4B AS og Norconsult AS har utarbeidd planframlegget for Fortidsminneforeningen. Framleggsstillar og ansvarleg for planen er Fortidsminneforeningen. Fortidsminneforeningen vil vere tiltakshavar for utbygging på eigedomane. Det er lagt til grunn at tiltakshavar tek alle kostnader ved gjennomføring av tiltaket.

## 5.17 Risiko og sårbarheitsanalyse

Risikoanalysen har hatt til formål å gje eit representativt bilde av risiko innanfor området omfatta av detaljreguleringsplan for besøkssenter for Urnes stavkyrkje. Planområdet framstår generelt, med dei tiltaka som er skildra og føresett følgt, som lite sårbart. Det er gjennomført ein innleiande fareidentifikasjon og sårbarheitsvurdering av to tema som gjennom fareidentifikasjonen framsto som relevant. Vurderinga følgjer av eiga analyse.

Det er identifisert følgjande risikoreduserande tiltak:

Fare	Sårbarheits- og risikoreduserande tiltak
Grunntilhøve	I følgje lausmassekart frå NGU består området av elveavsetningar i eit øvre sjikt. Geotekniske grunnundersøkingar i nærområdet syner at ein har marine avsetningar under elevavsetningar. Det er ikkje er påvist kvikkleire, eller sprøbrotsmateriale ved planområdet. Det er ingen kritiske skråningar som fell ned mot planområdet, og området ligg difor ikkje i eit potensielt lausne- eller utløpsområde for kvikkleireskred. Det er føresett forsvarleg fundamentering med utgangspunkt i naudsynt geoteknisk prosjektering iht. TEK17.
Ekstremnedbør og handtering av overflatevatn	Forventningar om periodevis ekstremnedbør krev lokale og gode løysingar for handtering av overvatn. Det er føresett ivareteke gjennom detaljprosjektering av dei tekniske anlegga og utforming av området, samt trygging av naudflaumvegar.

Det må understrekast at ei endring av utbygging og etablering av ny/endra type formål som ikkje er i samsvar med dagens planar i området, vil kunne medføre behov for ei ny ROS-vurdering av området.

## 5.18 Avbøtande tiltak

Det er gjennom arbeidet ikkje identifisert korkje trong for å innarbeide avbøtande eller risikoreduserande tiltak i planen.



## Vedlegg A: Merknader til varsel om oppstart av planarbeidet

Oppstart av planarbeidet vart kunngjort i Sogn avis den 05.03.2020. Varselbrev vart også sendt til naboar og offentlege etatar. Merknadsfrist var sett til 28.03.2020. Totalt er det motteke 5 innspel til varsel om oppstart av planarbeidet. Desse er kort samanfatta og kommentert i tabellen nedanfor.

Nr	Dato	Avsendar	Innspel	Vår kommentar
01	05.03.2020	Ole Skagen	<p>Ønsker bubilparkering der det står utfylling av overskotsmassar</p> <p>Det er fire og ikkje tre rekker med fruktre som er med innanfor planområdet</p>	<p>Innspelet er teke til orientering</p> <p>Innspelet er teke til etterretning</p>
02	25.03.2020	Fylkesmannen	<p>Viser til «Fylkesmannen sine merknader til reguleringsplanarbeid»,</p> <p>aktuelle kapittel kan vere: 2. naturmangfald 3. Friluftliv 6. landskap/estetikk 10. landbruk 13. samfunnstryggleik og beredskap</p> <p>Planarbeidet må gjere greie for verknadene planen kan har for ulike interesser i og omsyn i planområdet.</p> <p>Det må leggast vekt på universell utforming i og ved besøkssenteret</p> <p>Det må i planarbeidet bli lagt vekt på å ta vare på produksjonsareal og kulturlandskapsverdiar</p> <p>Bygningar og anlegg må utformast med vekt på å sikre god estetikk og god landskapstilpassing</p>	<p>Innspelet er teke til etterretning</p>
03	26.03.2020	NVE	<p>Planområdet ligg under definert marin grense og NVE ber difor om at det vert utført nødvendige vurderingar av grunntilhøve gjennom det komande planarbeidet</p>	<p>Innspelet er teke til etterretning</p>
04	26.03.2020	Riksantikvaren	<p>Varsel om oppstart er i samsvar med Riksantikvaren sine innspel referert i notat av 14.6.2019. Dersom tiltak som reguleringsplanen skal legget til rette for ikkje vil verke inn på desse verdiane, ønsker Riksantikvaren ikkje å rå frå at ein går vidare med planarbeidet. Riksantikvaren understrekar at det er særst viktig at desse verdiane vert tatt vare på og ikkje forringa.</p> <p><u>Riksantikvaren kom med følgande innspel i møte 14.03.2019:</u></p>	<p>Innspelet er teke til etterretning</p>

			<p>*Riksantikvaren støttar at ein arbeider vidare med alternativ 1 (og 2a)</p> <p>*Riksantikvaren støttar at ein legg opp til eit beskjedent bygg som løyser eit eksisterande problem.</p> <p>*Riksantikvaren peikar på at senteret vil kunne gi positive verknader opp imot OUV-er for stavkyrkja. OUV er i første rekke knytta til stavkyrkja og kyrkjegarden, men fornminner i området nede ved fjorden er også viktige</p> <p>*Riksantikvaren er positive til at det skal byggast eit senter som formidlar kunnskap om verdsarven, som regulerer turistane sin bruk av området og som avlastar stavkyrkja</p> <p>*Det er viktig å ta omsyn til fornminner som gravhauger og bautaer, og siktlinjene mellom desse.</p> <p>*Riksantikvaren støttar at verdsarvsenteret må underordne seg det store landskapsrommet og vere lite synleg frå avstand</p> <p>*Riksantikvaren støttar at verdsarvsenteret må ha eit godt samspel med landskapet i den mindre skalaen</p> <p>*Det er positivt at det ikkje er lagt opp til ein auke i tal besøkande</p> <p>*Det er positivt at bussar og bilar ikkje skal køyre opp til stavkyrkja</p> <p>*Parkering for bilar og bussar vil kunne utgjere eit synleg element på avstand. Heritage Impact Assistent er ikkje nødvendig på grunn av lang avstand til stavkyrkja.</p> <p>Riksantikvaren er dessutan samd i at trafikkarealet ikkje bør bli større. Er skeptisk til etablering av fortau fordi det er eit framandelement i landskapet på Ornes. Fortau kan og kome i konflikt med kulturminne, som gravhaug som ligg langsvegen.</p> <p>Det er utfordrande å ta høgde for alternative transportløyisingar no, sidan den endelege planen for transport ikkje ligg føre før detaljplanen er ferdig.</p>	
--	--	--	---	--

			Så langt råd er ta høgde for ei komande buffersone rundt verdsarven Urnes Stavkyrkje.	
05.	27.03.2020	Vestland Fylke	<p><u>Planfagleg</u> Viser til kommunen sine innspel i referatet frå oppstartmøtet.</p> <p>Viktig å sikre at innbygarane vert høyrde i prosessen</p> <p><u>Tilhøvet til regionale planar</u> Planarbeidet må vurdere korleis planen kan støtte opp om satsingane i dei regionale planane.</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>- <a href="#">Regional plan for folkehelse 2015-2025</a></li> <li>- <a href="#">Regional plan for klimaomstilling 2018-2021</a></li> <li>- <a href="#">Regional plan for kultur 2019-2027</a></li> </ul> <p><u>Kulturarv</u> Det vert vist til at Sogn og Fjordane Fylkeskommune, seinare Vestland fylkeskommune, har følgd arbeidet med eit autorisert verdsarvsenter ved Urnes Stavkyrkje tett, og at det var brei semje i forprosjektgruppa om det valde tomtealternativet, med omsyn til omgjevnadene til Urnes stavkyrkje, siktlinjer både til og frå stavkyrkja, kulturlandskapet, trafikkavvikling og besøksoppleving.</p> <p>Det vert vist til at Urnes stavkyrkje vart skrive inn på verdsarvlista, var det objektet Urnes stavkyrkje som var viktig, men at ein etter kvart og har fått eit stort fokus på kulturlandskapet og at det no pågår eit arbeide med å etablere ei buffersone omkring stavkyrkja som skal ta vare på dei oppsluttande verdiane som landskapet har på verdsarvminnet. Viktig at besøkssenteret vert tilpassa landskapet på ein god måte.</p> <p><u>Trafikkavvikling</u> Eit fortau vil fort vere eit framandelement på Ornes, og dersom forslagsstillar går vidare med forslaget må det visualiserast.</p> <p><u>Innspel frå Riksantikvaren</u> Det vert her vist til innspel frå Riksantikvaren, sjå eige punkt 04 om dette.</p> <p><u>Tilhøvet til automatisk freda kulturminne</u></p>	Innspelet er teke til etterretning

			<p>Dokumentasjon av kulturminne og kulturmiljø må gjerast på eit tidleg tidspunkt</p> <p>Det ligg i dag ikkje føre opplysningar om automatisk freda kulturminne eller andre kulturminne av høg verdi. Det er eit potensiale for funn av automatisk freda kulturminne i planområdet. Det bør difor gjennomførast ei arkeologisk registrering for å avgjere om planen kjem i konflikt med hittil ikkje registrerte kulturminne, jf §9 i kulturminnelova.</p> <p>Kostnadene med utgraving, gravemasking, gravemelding og eventuelle kabelpåvising og arbeidsbrakke må dekkast av tiltakshavar. Tiltakshavar må ordne med gravemaskin, og det bør vere ein med erfaring med presisjonsarbeide.</p> <p>Ber om å få tilsendt sosifiler av tiltaket. Ber om å få oversendt akseptskjema innan 25.04.2020, og prosjektet kjem på planen når dette er gjort.</p> <p><u>Veg</u> Etablering av besøkssenter vil mest truleg auke trafikken til Ornes. Trafikkanalysa bør og ta føre seg strekningen Skjolden-Ornes. Trafikkanalysa bør avklare korleis parkeringssituasjonen i Solvorn vert påverka av auka trafikk. Positivt at ein tek føre seg ei grundig kartlegging av trafikktilhøva for alle trafikantgrupper frå kaia og opp til Ornes stavkyrkje.</p>	
--	--	--	---	--

## 6 Referansar

Fylkeskommune, S. o. (2012). *Forvaltningsplan For Urnes*. Sogn og Fjordane Fylkeskommune.

Multiconsult. (2019). *Trafikkanalyse Luster kommune - avvikling av sommertrafikken i Solvorn*. Multiconsult.